



Til:	
Kopi til:	
Fra:	Kenneth Bergstad Personal og stab

Vår ref.  
24/00598-6

Dato  
25.03.2024

## Forskrift om skulereglar og skuledemokrati i Surnadal kommune

# Forskrift om skulereglement og skuledemokrati i Surnadal kommune

**Heimel:** Fastsett av Surnadal kommunestyre 20.06.2024 med heimel i lov 9. juni 2023 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §§ 10 – 5 og 10 - 7.

## §1 Føremål

Forskrifta skal bidra til at elevane i skulane i Surnadal kommune har eit trygt og godt skulemiljø, som skapar trivsel, inkludering og eit godt grunnlag for læring.

## § 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle skular i Surnadal kommune, og vaksenopplæringane så langt det høver.

Forskrifta gjeld i skuletida når skulane har ansvar for elevane. Det vil seie i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område, til dømes i leirskular og på andre turar i skulen si regi.

Forskrifta kjem også til bruk utanfor skuletida føresett at elevane si åtfærd har tilstrekkeleg tilknytning til skulen, i situasjonar der elevar krenkjer kvarandre og det fører til at dei ikkje har det trygt og godt på skulen.

I tillegg til denne forskrifta gjev det enkelte skulemiljø- og samarbeidsutval mynde til å gje utfyllande reglar for orden og åtfærd tilpassa den enkelte skule/vaksenopplæring sine behov. Det enkelte skulemiljø- og samarbeidsutval kan også fastsetje andre reaksjonar enn dei som kjem fram i § 8, innanfor gjeldande lovverk.

## § 3 Omsynet til elevane sitt beste og elevane sin rett til å bli høyr

I alle saker som vert handsama etter dette reglementet, skal omsynet til eleven sitt beste vere eit grunnleggjande omsyn, jf. §10 - 1. Skulen skal også ivareta eleven sin rett til å bli høyr og

det skal leggjast vekt på deira meiningar etter alder og modning, jf. §10-2. Skulen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med å fastsetje skulereglane, jf. §10-4.

## § 4 Vurdering av eleven si orden og åtferd

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast ut frå reglane om orden og åtferd i denne forskrifta og etter skulen sitt lokale reglement. Elevane si orden og åtferd kan ikkje vurderast ut frå andre vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakterane i orden og oppførsel vil som hovudprinsipp bli sett ned ved gjentatte brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar dersom det gjeld eit spesielt grovt brot på reglementet.

## § 5 Reglar for orden

Elevane skal:

- Møte presist.
- Følgje skolens reglar for melding av fråvær.
- Møte førebudd til opplæringa.
- Ha med nødvendig utstyr.
- Gjere arbeid til rett tid og overhalde fristar.
- Halde orden.
- §6 Reglar for åtferd
- Elevane skal vise alminneleg god åtferd, som å:
  - Vere til stades i opplæringa.
  - Behandle medelevar, tilsette og andre dei møter i skulekvardagen med respekt, også på digitale medium, uansett kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsevne, seksuell orientering m.m.
  - bidra til eit godt skolemiljø
  - rette seg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
  - ta godt vare på skulen sine eigendelar
  - vise nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av mobiltelefonar, datautstyr og digitalt utstyr
  - følgje skulen sine reglar for bruk av hjelpemidlar og spesialutstyr

Oppførsel og åtferd som ikkje kan akseptrast:

- å mobbe eller på andre måtar krenkje andre
- å utøve eller true med fysisk vald
- å fuske eller prøve å fuske
- å ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmidlar
- å røyke eller bruke tobakk/snus/wiping
- å ha med og/eller bruke farlege gjenstandar
- å bruke plagg som heilt eller delvis dekkjer ansiktet

## §7 Inndraging av gjenstandar

Ulovlege gjenstandar blir inndregne og gjeve til politiet.

Gjenstandar (til dømes mobiltelefonar) som blir brukt i strid med det lokale ordensreglementet, kan mellombels bli inndregne. Det same gjeld dersom eleven har med seg gjenstandar som etter dette reglementet, eller det lokale ordensreglementet, ikkje kan akseptrast.

Dersom skulen inndreg røyk/tobakk/snus eller alkohol frå umyndige elevar, bør desse gjenstandane blir levert til foreldra.

## § 8 Reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd

### Surnadal kommune vil nytte følgjande reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd

Surnadal kommune vil bruke følgjande reaksjonar ved brot på reglane for orden og åtferd:

1. Merknad
2. Samtale med elev og/eller føresette
3. Skriftleg åtvaring til elev
4. Skriftleg melding til føresette
5. Pålegg om å utføre oppgåver før eller etter skuletida for å rette opp skadar som eleven er ansvarleg for
6. Bortvising frå undervisninga for ein opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimar (§ 13-1, tredje ledd)
7. Bortvising for resten av dagen ( § 13-1, tredje ledd)
8. Bortvising frå undervisninga for lengre tid enn resten av dagen - inntil tre dagar på 8.-10. årstrinn (§ 13-1, tredje ledd)
9. Mellombels eller permanent skulebyte (§ 13-2). Vedtak skal gjerast av kommunen.

Fysisk refsing og kollektiv avstraffing er ikkje tillate. Eleven pliktar å overhalde pålagde reaksjonar. Dersom ikkje kan eleven bli pålagd nye reaksjonar.

## § 9 Melding av straffbare forhold

Skulen vil normalt melde straffbare forhold til politiet. For mindre alvorlege forhold skal skulen gjere ei konkret vurdering av om melding er tenleg. Skulen bør vurdere bruk av gjenopprettande prosess i regi av konfliktrådet.

## § 10 Erstatningsansvar

Ved skade eller skadeverk på skulens eigedom eller utstyr kan eleven og/eller elevens føresette bli haldne erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. Erstatningsansvaret blir regulert av Lov om skadeerstatning.

## § 11 Sakshandsaming ved bruk av reaksjonar

Ved bruk av reaksjonar gjeld følgjande sakshandsamingsreglar:

- Skulen skal sørge for at avgjerda vert teken på eit forsvarleg grunnlag.
- Eleven har rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. Skulen skal sørge for at eleven får snakke med nokon han/ho stoler på og i ein situasjon som vert opplevd som trygg.
- Avgjerda skal grunngjevast (ved særleg alvorlege avgjerder skal grunngjevinga gjevast skriftleg).
- Før avgjerd om bortvising blir fatta, skal skulen ha vurdert om det er mogleg å bruke andre reaksjonar eller hjelpetiltak.
- Rektor avgjer om reaksjonane i § 8 nr. 4, 6, 7 første og andre strekpunkt skal nyttast.
- Rektor eller den rektor delegerer det til, avgjer om reaksjonane i § 8 nr. 1-3 og 5 skal nyttast.
- Kommunen ved kommunalsjef for oppvekst avgjer og gjer vedtak dersom reaksjonane i § 8 nr. 8 tredje strekpunkt og nr. 9 skal nyttast.

I alvorlege saker skal mindreårige sine føresette varslast så langt det er mogleg. Før føresette vert varsla, skal eleven ha blitt høyrte i trygge omgjevnader.

Føresette skal varslast før det blir sett i verk bortvising for resten av dagen. Reaksjonane i § 8 nr. 7-9 er å rekne som enkeltvedtak og må i tillegg følgje saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

## § 12 Organisering av skuledemokratiet

I samsvar med § 10-5 skal kvar skule ha eit elevråd som er valt av elevane på skulen, og eit foreldreutval valt av foreldra på skulen. I Surnadal kommune skal skulane i tillegg ha eit skulemiljø- og samarbeidsutval. For oppvekstsenter med barnehage skal samarbeidsutvalet vere felles med barnehagen.

## § 13 Forskrifta trer i kraft

Denne forskrifta trer i kraft frå 01.08.2024.